
Fra: Kristian Råsberg <kristian.rasberg@fjordbruk.no>
Sendt: mandag 14. januar 2019 14:47
Til: Marianne Aadland Sandvik
Emne: SV: Søknad om utfylling gnr 43 bnr 23, 76
Vedlegg: D1-situasjonskart-planering+utfylling-rev.pdf; E1-plastring+kai-typisk snitt.pdf

Hei, og takk for raskt svar!

Området er i dag nytta til sporadisk trafikk med mindre båtar. Det er ei lengre flytebrygge som ligg utanfor området. Bruken av sjøarealet vil ikkje verte endra som ei følgje av tiltaket. Arealet er ikkje nytta til ålmenn ferdsle i dag.

Utfyllinga vil verte nytta til landbasert oppdrett som ei forlenging av noverande bruk. Det vil ikkje auke bruken av sjøarealet då smoltlevering føregår via slange utom brua til lo om lag 1 km sørvest.

Ihht oppslag i Miljøstatus, Naturbase og Artsdatabanken vil ikkje tiltaket medføre negative verknadar for artsmangfald eller naturmangfald. Det vil verte nytta siltgardin ved utfylling for å hindre spreiling av finststoff.

Vedlagt ligg snitt samt oppgitt lengde på fylling-/kaiareal. Vonar dette er oppklarande.

Med venleg helsing

Kristian Råsberg
Alsaker Fjordbruk AS

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Marianne Aadland Sandvik <marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>
Sendt: mandag 14. januar 2019 13:55
Til: Kristian Råsberg <kristian.rasberg@fjordbruk.no>
Emne: SV: Søknad om utfylling gnr 43 bnr 23, 76

Hei

Kommunen finn grunnlag for å frita frå plankravet også når det gjeld avslutning på utfyllinga, men for å kunne handsame søknaden må de gje oss tilbakemelding på følgjande:

- kva ferdsel er på det aktuelle arealet i dag
- vil utfyllinga få konsekvensar for ålmenta si utnytting av sjøarealet?
- kva skal utfyllinga nyttast til?
- medfører utfyllinga auka bruk av sjøarealet?
- kva konsekvensar får utfyllinga for natur/miljø?
- kva avslutning skal utfyllinga ha - dette må også visast på kart/teikning.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik

Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Kristian Råsberg [<mailto:kristian.rasberg@fjordbruk.no>]

Sendt: mandag 14. januar 2019 08:30

Til: Marianne Aadland Sandvik

Emne: Søknad om utfylling gnr 43 bnr 23, 76

Hei, viser til brev frå Bergen Havn kor dei ynskjer ei avklaring om tiltaket også er friteke plankravet når det gjeld avslutninga av utfyllinga (plastring og/eller murekai).

For vår del heng dette i hop både funksjonelt og estetisk, der utfyllinga må avsluttast på ein skikkeleg måte for å hindre utvasking.

Med venleg helsing

Kristian Råsberg
Alsaker Fjordbruk AS